

Høyringsssvar til forslag om ny forskrift om tryggleik i passasjerområde

| § | Høyringsinstans | Merknader | Sjøfartsdirektoratet si vurdering |
|---|-------------------|--|--|
| | Advokatforeningen | <p>Advokatforeningen støtter Sjøfartsdirektoratets intensjon om å skape et brukervennlig regelverk med hovedfokus på passasjersikkerheten til sjøs. Advokatforeningen er også enig i at det er et mål å unngå dobbeltregulering der det kan unngås.</p> <p>Forslaget til ny forskrift innebærer vidare at enkelte krav til komfort fjernes, slik at det blir opp til rederier og andre innkjøpere å innta krav til komfort. Advokatforeningen er som utgangspunkt positiv til at rederier og andre innkjøpere får større mulighet og fleksibilitet til å bestemme hvilke krav som skal settes til komfort, selv om dette innebærer en viss ansvarsforskyvning over på bl.a. offentlige innkjøpere.</p> <p>Sjøfartsdirektoratet har vidare uttrykt at det er et mål å unngå detaljregulering. Advokatforeningen vil påpeke at forslaget til ny forskrift også inneholder til dels svært detaljerte krav som delvis synes å være begrunnet i komforthensyn, men mener at forslaget i sin helhet fremstår som gjennomarbeidet og fornuftig begrunnet.</p> <p>På denne bakgrunn støtter Advokatforeningen Sjøfartsdirektoratets forslag til ny forskrift om tryggleik i passasjerområde og har for øvrig ingen ytterligere kommentarer til høringen.</p> | Tatt til orientering |
| | NHO Sjøfart | <p>NHO Sjøfart er i utgangspunktet positivt innstilt til å forenkle og modernisere eksisterende forskrift, men har følgende kommentarer:</p> <p>Forslag til ny forskrift fjerner det som omhandler komfort til passasjerene. Det legges opp til at dette skal ivaretas mellom oppdragsgiver og operatør. Dette støttes, men for å ivareta en minimumsstandard bør det utarbeides en veileder.</p> | Etter møte med NHO Sjøfart og Kollektivtrafikkforeningen 16. juni 2021 oppfatar vi at Kollektivtrafikkforeningen vil utarbeide ein rettleiar. Direktoratet er tilgjengelege for avklaringar ved behov. |
| | NHO Sjøfart | <p>Det framgår av høyringsbrevet, under avsnitt om regler som ikke blir videreførte, at eksisterende §2 om definisjoner ikke blir tatt inn i ny forskrift. Her blir det hevdet at det er nødvendig å definere begreper, og det vil bli gjort første gangen begrepet dukker opp i teksten. Dette er i liten grad gjennomført, og det er avdekket et vesentlig behov for avklaring av sentrale begrep som er benyttet i forskriftsforslaget. Med bakgrunn i dette bør ny forskrift inneholde en paragraf om definisjoner der minimum følgende begrep blir avklart:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Passasjerområde (jamfør §1) • Ombygging av eksisterende passasjerområde (jamfør §2) | Forarbeida til forskrifta er også ein del av tolkingsgrunnlaget etter at forskrifta er fastsett. Omgrepa som er omtala i høyringsbrevet er også omtala i fastsetjingsrundskrivet. |

| | | | |
|--|-------------------------------|--|---|
| | | <ul style="list-style-type: none"> • Sterk støy (jamfør §4) • Utslepp fra andre deler av skipet (jamfør §4) • Sklisikker overflate (jamfør §4) • Reisebatterier (jamfør §14) • Farlig reisebatterier (jamfør §14) • Små elektriske kjøretøy med tilhørende batteri (jamfør §14) <p>Alternativ kan det utarbeides en veiledning til forskrifta som ivaretar behovet for begrepsavklaring.</p> | |
| | Helse og omsorgsdepartementet | Helse- og omsorgsdepartementet har ingen merknader til saken. | Tatt til orientering |
| | Nordland fylkeskommune | Fylkestinget i Nordland støtter de overordnede linjene i forslag til ny forskrift. Fylkestinget i Nordland mener det er viktig at sikkerheten ivaretas på alle våre fartøyer. Det er derfor positivt at Sjøfartsdirektoratet har fokus på passasjersikkerhet i forslag til ny forskrift. | Tatt til orientering |
| | Hurtigbåtforbundet HRF | <p>HRF seier seg enig med Sdir i at forskrifta frå 1972 er utdatert og dermed moden for modernisering. Vi er tilfredse med at fleire av dei gamle krava og detaljar knyttta til komfort vert fjerna for heller å fokusere på tryggleik for passasjerane.</p> <p>Vi registrerer at Sdir vil at servicegrad og komfortnivå for eit fartøy / rute meir skal settast av rederi saman med oppdragsgjever utifrå dei behov som gjeld. På den måten blir då forskrifta mindre eksakt og presis på krav, men heller meir rundt formulert. Fleire av dei gamle momenta vil kanskje saknast av ulike partar? Vi vonar då at Sjøfartsdirektoratet sine stasjonar ikkje set inn ulik forvaltningspraksis i forhold til kva som skal oppfattast som tilfredsstillande løysingar for eit nybygg eller ombygging prosjekt. Hurtigbåtforbundet HRF ynskjer forskrifta velkomen</p> | Sjøfartsdirektoratet vil oppdatere sjekklister for dokumentkontroll og inspeksjon i samsvar med endeleg fastsett versjon av forskrifta. |
| | Hurtigbåtforbundet HRF | <p>Slik forskrifta er gitt i denne høyringa, så er den «vanlige» paragrafen om definisjonar utelatt. Etter vårt syn, så er her fleire begrep i forskrifta som kunne vore forklart innleiingsvis. Vi reknar med at Sdir har ein plan for dette.</p> <p>Det er ikkje sikkert ein skal gjer så mykje med det, men noko av det som er gitt kan framkalle ulik tolkning og praksis. Det er vanskeleg å vite kor nivået vil ligge i forvaltninga når krav kun er gjeve i tekst form utan eksakt krav til verdiar/grenser. Vi vil med dette ikkje bidra til å gjere forskrifta meir rigid/streng, men kanskje peike på nokre forhold som ein kanskje kunne utlede noko forklaring på?</p> <p>Vi er utfordra på å liste opp det vi reagerer på, så då vil vi gje fylgjande:</p> <p>§4 forsvarleg tryggleig, sterk støy og utslepp?</p> | <p>Omgrep som treng forklaring blir definert første gongen omgrepet blir brukt i teksten.</p> <p>Som HRF er inne på, vil forskrifta lett bli veldig rigid om alle dei føreslåtte omgrepa skulle vore nøyaktig definert. Forskrifta ville også bli utdatert svært raskt.</p> <p>Dei fleste omgrepa som HRF peikar på er brukt i mange andre lov- og forskriftstekstar, og det er etablert praksis for tolking.</p> <p>Høyringsbrevet er tilgjengeleg på sdir.no under «Utgåtte høyringer». All vesentleg informasjon er også kopiert over i fastsetjingsrundskrivet, som blir tilgjengeleg under «Rundskriv» når forskrifta er fastsett.</p> |

| | | | |
|--|-----------------------------------|---|--|
| | | <p>§4 full rørslefridom? §4 sklisikker overflate? §7 konsentrasjonar av forureining? §7 Rom meinte for varig opphald? §9 (Forskrifta burde kanskje ha med nokre av illustrasjonane som er gitt i høyringsbrevet?) §14 Lading... ..skal alltid føregå på utvendig dekk. -> inkludert delvis lukket/overbygget utvendig dekk? §14 Små elektriske køyretøy? §18 spesielle grunnar... og ...må vere tryggleiksmessig forsvarleg. ?</p> <p>Det er jo ikkje absolutt fra vår side at dette skal utløyse ein ny §2 med samling av definisjonar. Sikkert betre å ta forklaringa inne i paragrafen som det gjeld, slik som de er inne på i høyringsbrevet.</p> <p>Generelt: For å få full forståing for innhaldet i forskrifta, så betingar det at ein kan slå opp i forklaringane som er gjeve i høyringsbrevet. Korleis vert tilgangen til denne forklaringa etter at forskrifta er iverksatt?</p> | |
| | Hurtigbåtforbundet HRF | <p>Lettbygde hurtigbåtar (og «sakte-båtar») er veldig vektssensitive. Vekt og motstand i sjø er faktorar som med små marginar kan vere avgjerande på om et fartøy er vellukka eller ikkje. Og vekt av fartøy er spesielt viktig no i ei tid med fokus på lav- eller null-utslepp drift. Null-utslepp energibærande system i dag, slik som batteri, er ein rekkevidde- og kapasitet begrensar. Skal ein lukkast med eit null-utslepp fartøy slik samfunn og myndigheiter forventar, så er reduksjon av vekt heilt avgjerande. Av denne grunn er dei fleste av våre moment her, sterkt knytta til å møte forventninga frå samfunnet; eit ønske om å bygge framtidsretta fartøy med bærekraftige løysingar.</p> | <p>Sjøfartsdirektoratet sin berekraftstrategi peikar på åtte av FN sine 17 berekraftsmål som er mest sentrale for vår verksemd. Dette inkluderer mellom anna berekraftsmål nr. 13 «Stoppe klimaendringane». Direktoratet meiner denne forskrifta kan bidra til dette, ved at det blir mogeleg å byggje lettare fartøy. Eit av dei andre sentrale berekraftmåla er nr. 3 «God helse». Sjøfartsdirektoratet si viktigaste oppgåve er å sørge for høg tryggleik for liv og helse. Vi jobbar kontinuerleg for å hindre personulukker og tap av liv for sjøfolk, passasjerar og brukarar av fritidsfartøy. Forskrifta her inneheld etter vårt syn ein rimeleg balanse mellom lav vekt og høg tryggleik.</p> |
| | Justis og beredskapsdepartementet | Vi har ingen merknader. | Tatt til orientering |
| | Klima- og miljødepartementet | Klima- og miljødepartementet har ingen merknader til høringen. | Tatt til orientering |
| | Kystverket | Vi har ingen kommentarar vedrørende høringen for utkast til forskrift om tryggleik i passasjerområdet | Tatt til orientering |
| | Norges rederiforbund | Rederiforbundet ser at forslaget til ny forskrift i all hovudsak er en modernisering av dagens forskrift som daterer seg tilbake til 1972. Vi støtter grunnleggende modernisering av regelverket. | Tatt til orientering |
| | Samferdselsdepartementet | Samferdselsdepartementet forstår det slik at forskriften blant annet vil gjelde for ferger og hurtigbåtar i fylkeskommunal trafikk (for øvrig også riksveiferjer). Fylkeskommunene burde derfor ha stått på høyringslisten. | Fylkeskommunane sine samferdsleselskap og Statens vegvesen har vore involvert i prosessen via Kollektivtrafikkforeningen. Direktoratet utvida |

| | | | |
|-----|---------------------|--|---|
| | | <p>Videre mener Samferdselsdepartementet at de økonomiske konsekvensene bør beregnes slik at eventuelle vesentlige kostnadsøkninger for fylkeskommunene kan kompenseres. Dersom det ikke foreligger en vurdering av de økonomiske konsekvensene, foreslår vi at Sjøfartsdirektoratet henvender seg til fylkeskommunene for å få kartlagt dette før forskriften fastsettes.</p> <p>For perioden 2021-2030 er også Havila Kystruten AS avtalepartpart for kystruten Bergen - Kirkenes. Selskapet burde derfor stått på høringslisten sammen med Hurtigruten Cruise AS.</p> <p>Samferdselsdepartementet har bedt Havila Kystruten AS om å svare Sjøfartsdirektoratet direkte innen angitt frist dersom selskapet har merknader.</p> | <p>høringsfristen med ein måned og sendte informasjon til alle fylkeskommunane 10. mai 2021.</p> |
| | Viken fylkeskommune | <p>Vi er gjort kjent med høringsinnspillet fra Kollektivtrafikkforeningen datert 07.05.2021 og meddeler at vi ikke har ytterligere innspill ut over det som der fremkommer.</p> | <p>Tatt til orientering</p> |
| § 1 | NHO Sjøfart | <p>Generelt, når det gjelder hurtigbåter bør det refereres til HSC 2000 koden som gjeldene, og heller presisere strengere krav der hvor det er naturlig. Viktig å nevne at denne koden er laget for båter som har liten plass og er svært vektssensitive. Uten nærmere presisering i ny forskrift vil det kunne skape uheldige krav.</p> | <p>Krava i forskrifta kjem i tillegg til krava i byggeforskriftene som gjeld for skipet, jf. høringsbrevet. Det er ikkje naturleg å nemne hurtiggåande fartøy spesielt, då alle passasjerskip har eit byggjeregulverk utover krava i denne forskrifta. Forslaget til ny forskrift erstattar ei liknande forskrift som også gjeld alle typar passasjerskip. I den grad krava burde differensierast på bakgrunn av vekt, er det naturleg å gjere det i dei enkelte paragrafane, og ikkje i verkeområdet. Direktoratet meiner på generelt grunnlag forslaget til forskrift vil gjere det enklare å bygge lette båtar, ettersom ein del krav blir fjerna.</p> |
| § 2 | Advokatforeningen | <p>Til forslaget til § 2 «Skip bygde før [dd.mm.åå]», støtter Advokatforeningen Sjøfartsdirektoratets forslag om at den nye forskriften bare skal gjelde for nye skip og ombygde skip, og således ikke ha tilbakevirkende kraft. Unntaket skal likevel ikke gjelde for skip som flagges inn til NOR eller NIS etter et gitt tidspunkt. For slike skip legger Sjøfartsdirektoratet opp til at det skal gjøres en konkret vurdering i de enkelte tilfeller, og viser til at det også er mulig å søke dispensasjon. Ved vurdering av hvorvidt det skal gis dispensasjon viser Sjøfartsdirektoratet til at de vil legge vekt på at løsningene skal være minst like gode som på et norsk passasjerskip med tilsvarende alder, størrelse og bruksområde.</p> <p>Advokatforeningen mener at Sjøfartsdirektoratet bør tilstrebe å etablere en ordning hvor det er mulig å få avklart på forhånd hvorvidt et skip som skal flagges inn til NOR eller NIS vil oppfylle de relevante kravene, eventuelt hvorvidt dispensasjon vil bli gitt. Etter Advokatforeningens syn vil dette sikre nødvendig forutsigbarhet i næringen.</p> | <p>Direktoratet har etablerte rutinar for innflagging, kor reiarlaget får avklaringane dei treng.</p> |

| | | | |
|-----|------------------------|---|--|
| § 2 | Hurtigbåtforbundet HRF | Dette unntaket bør også inkludere § 5, første ledd. Ved t.d. ei ombygging i salongens trappeområde vil det kunne oppstå situasjon der denne forskriftas nye krav til utforming av trapp skal oppfyllest. Det kan få betydeleg omfang for fartøyet og i nokre tilfelle umogleg å oppfylle. | I staden for generelt unntak meiner vi dette bør løysast med dispensasjon etter ei konkret vurdering i det enkelte tilfelle. Utfordringa som HRF viser til vil vere størst for små fartøy, medan forskrifta gjeld alle typar passasjerskip. |
| § 2 | NHO Sjøfart | Under 2. avsnitt er ordlyden «område som blir endra». Dette blir oppfattet som nokså upresist, og det blir således anbefalt å forklare eller avgrense hva som menes. Eksempel på en problemstilling: Det blir montert en ny port i eksisterende rekkverk. Vil nye krav komme til nytte på alt rekkverk eller vil nye krav bare gjelde for den nye porten? | Dette vil måtte vurderast i kvart enkelt tilfelle, og er ikkje noko nytt samanlikna med andre reglar, t.d. reglane om universell utforming som også gjeld i ombygde område. Sjå https://www.sdir.no/veiledninger/ombyggingendring-av-fartoy/#Hva_omfatter_ombygging? |
| § 2 | Statens vegvesen | Vi ber også Sjøfartsdirektoratet presisere om det er de samme kravene som gjelder ved ombygging av eksisterende skip som det er ved nybygg, og om det er ombygging generelt som utløser kravene i den nye forskriften. | Ombygde område skal følge same krav som for nye skip, med dei unntaka som følger av § 2. Det er dermed ombygging i passasjerområda som utløyer krava i den nye forskrifta. |
| § 4 | Hurtigbåtforbundet HRF | Femte ledd: Her bør det tilførast: Dette gjeld bl.a. i områder med passasjer seter der takboks for reisegods/livbelte/etc. er arrangert som nedsenka del av himling. Åttande ledd: Kva er sklisikkert nivå? Her kan det oppstå ulik praksis på kva som er sklisikkert. Forskrifta bør angi at: For innvendig passasjerområde er t.d. standard skips vinyl dørkbelegg å ansjå som sklisikker type. Ekstra sklisikrings-tiltak skal evt. settast inn i våte soner rundt inn/utgangsdører. | Femte ledd: Denne typen tekst passar betre i fastsetjingsrundskriv enn i forskrifta, og er tatt med der. Åttande ledd: Døme tas med i rundskrivet. Sjå også kommentarar over. |
| § 4 | NHO Sjøfart | Det bør framgå at en ikke ser på skilt og merking alene som en oppfylling av kravet om å hindre klemskade. | Vi meiner dette er dekkja gjennom bruken av ordet «utforma». Presiseringa frå høyringsbrevet er tatt med i fastsetjingsrundskrivet. |
| § 4 | NHO Sjøfart | «Alle innvendige og utvendige passasjerområder skal være sammenhengende.» Setningen fremstår kanskje som litt utydelig og får ikke fram poenget med at tilkomst ikke skal være via mannskapsområder. | Tas ikkje til følge |
| § 5 | Hurtigbåtforbundet HRF | HRF meiner at mellom dei viktigaste momenta for ei sikker trapp er sklisikker trappe-nase, gode hand-rekker på begge sider og mest av alt, unngå stor breidde på trappa. Standard 900 mm mellom håndrekker. Vi registrer at det ikkje er gitt noko eksakt krav til breidde-mål for trapper i passasjerområde. Dette er sikkert bevisst strategi fra Sdir, men dersom ein finn at dette burde omtalast i denne forskrift, så vil vi be om at følgande vert lagt til grunn for hurtigbåt: Ref. HSC2000, 4.7.13: ...The width of corridors, doorways and stairways which form part of the evacuation paths shall be not less than 900 mm for passenger craft... | Trappebreidda blir regulert i reglane for rømmingsvegar, både for HSC-fartøy og andre passasjerfartøy. Direktoratet er einige i at handrekker og sklisikre trinn er viktige for tryggleiken. |

| | | | |
|-----|-------------|---|--|
| | | <p>Første ledd: På passasjer hurtigbåter har det i nyare tid, sidan innplementering av HSC2000-koden, blitt etablert ein akseptert standard på maks 45°. Vi kan seie oss einige i at 45° i nokre høve kan opplevast som bratt, spesielt dersom fartøyets trim-vinkel medverkar i feil retning. Vi vil gjerne vere med på å forebygge for fallulykker om bord, men ynskjer å peike på nokre forhold for å mjukne kravet litt mot det som vi veit fungerer godt i dag. Det er truleg eit 100-tals hurtigbåtar som trafikerer i Norge i dag og som har trapper med vinkel på mellom 40 og 45 grader. Vi kjenner ikkje til at det er trappevinkelen som aleine er årsak til fall-ulykker i trapper på norske hurtigbåter. Sdir viser til ei ulykke der ein person omkom som følge av fall i trappa. Medverkande og kanskje avgjerande årsak til dette tragiske utfallet, var at trappa mangla rekkverk.</p> <p>På store fartøy er denne vinkel-innskjerpinga kanskje ei mindre utfordring, men for ein liten/mellomstor klassisk norsk hurtigbåt tek eit trappeløp relativt sett mykje plass. Eit anna forhold som også er med på å bestemme inntrinn og opptrinn er netto høgde mellom dekk. Alt må tilpassast. Vår erfaring med alle variasjonane som kan påverke ei trapp på ein liten hurtigbåt er at det ofte blir «one of», tilpasset på plassen.</p> <p>Vi foreslår følgende tilpassing av forskriften spesielt mot fartøy under 30 meter: Veiledingen om opptrinn og inntrinn bør følges så langt som praktisk mulig, men trapper kan aksepteres med vinkel t.o.m. 40°.</p> <p>Andre ledd: På passasjer hurtigbåter har det i nyare tid, sidan innplementering av HSC2000-koden, blitt etablert ein akseptert standard på 150 mm for sikre opningar. Vi kjenner ikkje til at opningar som i dag er på 150 mm har skapa uønska hendingar. Krav satt til 100 mm er veldig strengt samanlikna med dagens etablerte standard på 150 mm. Dette nye kravet har fleire negative konsekvensar knytta til vekt og kostnad. Vi kjenner ikkje til at 150 mm opning er ein tryggleiksrisiko på norske hurtigbåtar, og oppmodar om at dette talet vert det generelle krav.</p> | <p>Første ledd Tas ikkje til følgje. Dei minste fartøya kan nytte Nordisk Båtstandard i staden for å følgje krava i forskrifta. Mange av fartøya under 30 meter blir bygd med berre eitt passasjerdekk, og har difor ikkje behov for trapper.</p> <p>Andre ledd: Sikring mellom trappetrinn vil neppe føre til den heilt store vektauken. Føremålet med forslaget om 100 mm opningar både her og på rekkverk, lenseportar og gatt var å hindre små barn å falle ned eller setje seg fast. Når barna byrjar å bevege seg på eigenhand vil mange barn ha hovuddiameter på godt under 150 mm.</p> |
| § 5 | NHO Sjøfart | Det forslåtte kravet til inntrinn og forholdet mellom inntrinn og opptrinn vil trolig få store konsekvenser ved ombygging av eksisterende fartøy. Det bør således vurderes om det er hensiktsmessig å gjøre dette kravet gjeldende for eksisterende fartøy. | Kravet gjeld berre ved ombygging av trapper. Sjå også svaret til HRF sin kommentar til § 2. |
| § 5 | NHO Sjøfart | Forslaget om at løfteplattform, trappeheis o.l. ikke skal nyttes når skipet er underveis, anbefales fjernet. På en del fartøy er dette utstyret eneste form for tilgang til salong for passasjerer med nedsett fysisk funksjonsevne. Det vil | Dette har vore gjeldande praksis sidan 2014, jf. rundskriv RSV 10-2014. Tas ikkje til følgje. |

| | | | |
|-----|------------------------|---|---|
| | | her være i strid med kontraktskrav knyttet til universell utforming å ikke kunne nytte løfteplattform, trappeheis o.l. når skipet er under vegs. Kravet til fri høyde over løfteplattform (2030 mm over hele plattformen) for rullestoler er utfordrende, og vil gjøre det vanskelig å arrangere rullestolheiser i innvendige trapper. | |
| § 5 | NHO Sjøfart | I dag reguleres bredden på trapp av kravet til UU (Universell Utforming) som er satt til 120 cm. Hvordan dette tolkes er forskjellig fra Fylke til fylke og SVV. Noe plasser er det definert som «lysåpning», andre plasser er det definert fra ytterkant rekkverk til ytterkant rekkverk noe som i seg selv er villedende og lite konsist. I en trapp som er 120 cm bred vil det være umulig å holde seg i rekkverket på begge sider hvis personen er under 180 cm. Det vil da kreve at armene må holdes rett ut fra kroppen for å nå begge rekkverk. Ved større bevegelser i et skip vil det være helt naturlig og holde seg på begge sider for å få en stabil og sikker gange i en trapp. Hvis en trapp er over 150 cm (tidligere var det definert i brannforskriften 140 cm) så skal det settes inn en midtleider for å sikre nettopp muligheten for å holde seg i begge rekkverk. Vi anbefaler derfor at defineres i forskriften en maks bredde på trapp er 100 cm for bilferger og 90 cm for hurtigbåter (ref. HSC 2000 koden). | Trappebreidda er hovudsakleg regulert i brannreglane som gjeld for skipet. Maksimal avstand mellom to rekkverk/handløparar er 1800 mm. Forslaget blir ikkje tatt til følgje. |
| § 5 | NHO Sjøfart | For hurtigbåter bør det spesifikt ta hensyn til liten plass og vekt. En flatere trappevinkel vil få uheldig konsekvenser for disse fartøyene. Ut fra ulykkesstatistikken kan vi ikke se at trappevinkelen alene har medført til noen ulykker. | I den grad dette er eit nytt krav (jf. krava til universell utforming), vil ei slik trapp på ein hurtigbåt bety at det blir plass til 1-2 færre sete på kvart dekk dersom ein ikkje endrar utforminga elles på fartøyet samanlikna med i dag. Samtidig føreslår vi å fjerne/endre krav som svarer til eit mykje større areal. Til dømes er talet på toalett redusert og kravet til takhøgde er omformulert slik at ein t.d. kan plassere seter i område med mindre enn 2030 mm fri høgde. |
| § 6 | Hurtigbåtforbundet HRF | Tredje og fjerde ledd: På passasjer hurtigbåter har det i nyare tid, sidan implementering av HSC2000-koden, vore akseptert rekkverk utforming etter gitt krav i koden. Hurtigbåtar med L>24 meter skal oppfylle krav gitt i HSC2000. Kravet er min, høgde på 1000 mm, 230 mm opning nederste og 380 mm ellers. Norge kan likevel legge seg på eit betre tryggleiksnivå og vi er enig i at dette kravet har eit svakt tryggleiksaspekt med seg. Difor har det på hurtigbåtar vore tilført fleire betre løysingar i passasjerområde av verft og rederi. Bl.a. så har denne standarden vore praktisert på eit stort tal fartøy: Hovedmomenta her er høgde på 1000 mm og ein maks opning på 150 mm. Vi kjenner ikkje til at denne standard-løysinga har representert noko nedsatt tryggleiksnivå i passasjerområde og oppmodar med dette om at forskrifta vert korrigert til 150 mm maks opning og 1000 mm min. høgde. | Tredje og fjerde ledd: Vi viser til svar på § 5 om opningar mellom trappetrinn. Av omsyn til dei minste barna meiner vi opningar på 150 mm er for store. Forslaget om å redusere høgda på rekkverket til 1000 mm tas ikkje til følgje. Det er allereie krav om 1100 mm på ein del passasjerskip. |

| | | | |
|-----|--------------------------|--|---|
| | | <p>Femte ledd: Av same grunngeving som gjeve ovanfor, så oppmodar vi om at maks opning for lenseportar vert sett til 150 mm. Det er spesielt utfordrande i gatt-opningar der fortøyningstrosser o.l. skal ha ein trygg og god funksjon. Det er sjølvstøtt mogleg å sette 100 mm opning, men praktiske og funksjonelle forhold blir sterkt redusert i forhold til 150 mm. Ymse tiltak kan tilførast, men dette er veldig sårbart for skade og kan i verste tilfelle også medverke til nedsatt tryggleiksnivå ved at tilgjenge og funksjon ikkje er formålsteneleg.</p> <p>Sjette ledd: Det bør tilførast at portar i skuteseide/skanskeledning ikkje skal kunne svinge/opnast utover, utanom dei som er tiltenkt rømming/evakuering til redningsmiddel.</p> | <p>Femte ledd: Direktoratet er ikkje einige i at forslaget har særlege negative konsekvensar.</p> <p>Sjette ledd: Funksjonskravet i forskrifta varetek etter direktoratets vurdering problemstillinga utan meir detaljerte krav.</p> |
| § 6 | West Mekan Produksjon AS | <p>Stående spiler med avstand mellom åpninger på 100.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Vi produserer svært mange rekkverk, og synes dette kravet er et større problem for sikkerheten enn det som i praksis blir brukt i dag, 150 mm. Dette fordi det er lett å sette fast foten i en åpning som bare er 100 mm, mens på 150 mm ser vi ikke på det som et problem. Skulle en «sette fast» foten der åpningen mellom spilene er 150 mm er det lett å vri på foten for å få den løs. Dette er ikke mulig på samme måte med 100 mm åpning. Svært mange bruker nedre rør i et rekkverk til å sette foten på, meg selv inkludert. 2. Barn som har hode/kropp som er mindre enn 150 mm er normalt ikke i stand til å bevege seg på en slik måte at de greier å sette seg faste i et rekkverk. Kravet øker derfor ikke sikkerheten til barn. 3. Der er produksjonstekniske utfordringer med så tett mellom spiler, men det er av mindre betydning. 4. Der er estetiske problemstillinger med så tett med spiler, men det er av mindre betydning. | <ol style="list-style-type: none"> 1. Det er ikkje krav til ei spesiell utforming, men funksjonskrav om at rekkverket skal vere utforma for å hindre klatring, og at ingen opningar skal ha større breidd enn 100 mm. Problemstillinga i pkt. 1 kan difor løysast innanføre kravet som er føreslått. 2. Sjå svar til HRF. 3. Same krav gjeld på bygningar på land, utan at det har vist seg å vere problematisk. West Mekan Produksjon har ikkje spesifisert kva som er utfordrande. |
| § 7 | NHO Sjøfart | Med passasjertryggleik som utgangspunkt framstår det lite relevant å sette krav til individuell regulering av temperatur for hvert enkelt oppholdsrom. | Tas til følgje |
| § 7 | Statens vegvesen | Sjøfarsdirektoratet legger til grunn at i § 7 Ventilasjon og oppvarming at de fleste krav er ivarettatt av andre forskrifter. Sjøfartsdirektoratet bør henvise til disse forskriftene i ny forskrift om trykkleik i passasjerområde. Statens vegvesen forutsetter at kravene er like og at det ikke medfører en dårligere luftkvalitet. | Dei krava som er fjerna er regulert i brannreglane som gjeld for skipet. |
| § 8 | NHO Sjøfart | Mange fartøy har passasjersalong over hoveddekk og utvendige trapper mellom hoveddekk/bildekk og salongdekk, der det også er utvendig areal tilgjengelig for passasjerer. Nevnte trapper kan også være rømningsvei. Krav om at utvendige dekk ikke kan være opplyst av hensyn til navigeringa av | På fartøy der det er viktig for opplevinga at passasjerane oppheld seg på utvendig dekk må det finnast løysingar som gjer at lyset ikkje sjenerer navigeringa. Dette kan til dømes løysast med lågsitjande lys m.v. Direktoratet er sikre på at næringa finn gode løysingar som varetek både passasjerane og navigasjonstryggleiken. |

| | | | |
